



Tyssedalkoret imponerte mest. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei dyktige songarane i vårt eige høgt elska kor må finna seg i det: Det var tyssedølane som song best under den musikalske vårspretten i Aktivitetshuset søndag kveld. Tyssedalkoret som har Eldbjørg Furholt som dirigent har høsta mykje heider og det forstår vi.

Konserten som no har vorte ein tradisjon hadde i overkant av 100 aktørar og vel 130 betalande tilhøyrarar og det har arrangørane Røysterett for alle og Aktivitetshusets Damevenner all grunn til å vera fornøgd med.



Cellistane Katrine Yri Røsland og Anne Marthe Guddal Zimmer var to av fleire unge lokale aktørar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gjestekoret som sto for den sprekaste vårspretten kjem forresten ikkje berre frå Tyssedal, men frå store delar av indre Hardanger og oddingane er i fleirtal. Tilsaman er dei over 60 og 44 av dei var med til Uskedalen denne gongen. At det er så mange gjev naturleg nok ekstra store mogelegheiter songleg og musikalsk sett.

Det kan ikkje vera tvil om at dette er eit av dei beste kora i Hordaland. For ein presisjon og song-glede og så gode solistar! Avdelingen deira var svært allsidig men best var dei nok i gospelsangen "Have a heart". Og det var lett å stemme i det HURRA som kommer nesten til slutt i den norske klassikeren "Naar fjordene blaaner".

Men vertskoret var sjølvsagt også bra, særleg i den avsluttande Beatles-syklusen med fire klassikarar frå perioden 1963/65. Den alltid like sprudlande dirigent Maria Malmsten har ein eigen evne til å rive ikkje berre songarane



Halsnøy Strupeband hadde ingen grunn til å skamma seg samanlikna med dei to store kora. (Foto: Ola Matti Mathisen)

sine men også publikum med. Det demonstrerte ho i ekstranummeret "Eight days a week" der ho fekk alle til å reisa seg og stemma i.

Ho er også velsigna med eit show-talent som denne gongen mellom anna kom fram då ho lokka songarane inn som ei anna budeie og tok av seg skorna då det skulle syngjast Beatles. Røysterett for alle hadde også ei innleiande avdeling med eit vidt spekter av songar. To renessansesongar som Maria er svært svak for innleia konserten og så fylgde folketonar både frå Sverige og Gudbrandsdalen. Den svenske var "Venta ikkje" (omsett til nynorsk på Stord) som koret har eit særleg godt tak på. Ei annen "svenske" som har tekst av den store poet Nils Ferlin og heiter "Syner i løvsprickningen" avslutta den innleiande avdelinga til vertskoret.

- No tar vi første ferja heim, vi tør ikkje syngja etter dette!. Det sa ein av songarane i det tredje vårsprettkoret, Halsnøy Strupeband, etter at dei hadde høyrte Tyssedalkoret og Røysterett for alle. Det var ingen grunn til den replikken, for dei 18 frå Halsnøy song reint og vakkert under leiing av Luitgard Kühne. "Danse mot vår" av Rolf Løvland kunne knapt ha vore tolka vakrere og ein vårfest på tysk var eit forfriskande innslag.

Også dette året var Kvinnherad Kulturskule med i konserten og fleire lovande, unge musikarar frå Uskedalen gjorde seg sterkt gjeldande. Katrine Yri Røssland og Anne Marthe Guddal Zimmer spela cello medan tvillingparet Helene og Susanne Haugland samt Hallvard Lomheim Døssland spela gitar og den utruleg allsidige Ingebjørg Haugland trakterte pianoet..

Det var ikkje noko problem å vera einig med den ellers svært ryddige konsertleiar Gunvor Myklebust i at den ungdommelege musikk-aktivitet lovar godt for framtida.

Ein liten teknisk detalj i ein ellers velavvikla konsert: Også dei einskilde dirigentane bør nytta mikrofon.

Av Ola Matti Mathisen



Vertskoret Røysterett for alle legg stadig nye alen til sin vekst (Foto: Ola Matti Mathisen)